


# Ynskjer du å jobba med krafthandel og digitalisering?



Sunnhordland Kraftlag AS (SKL) er Norges 10. største vasskraftprodusent og eig i kraftverk som produserer omlag 2.700 GWh (150 000 husstandar) i Vestland- og Rogaland fylke. Hovudkontoret er på Stord. SKL har stort fokus på vekst innan fornybar energi og har fleire vasskraftverk under bygging og planlegging. SKL deltek også i utvikling av offshore vindkraft og grøn hydrogenproduksjon.

*Me arbeider dagleg med å disponera vatnet som kjem til våre magasin og kraftverk optimalt med omsyn på produksjon og marknadsutvikling.*

Me søker deg som er analytisk, strategisk og lærevillig, samfunnsengasjert og ansvarleg. Du er effektiv og systematisk, og interessert i vasskraft.

Du ynskjer å delta i eit aktivt og travelt miljø som dagleg forvaltar store ressursar innan fornybar energi. Du er glad i samarbeid og ynskjer å bidra aktivt i SKL sitt fagmiljø slik at me i fellesskap finn dei beste løysingane.

Du har

- Relevant utdanning på høgskule – eller universitetsnivå. Nyuttanna kandidatar som me ser eit stort potensial i vert oppfordra til å søkje
- Erfaring med matematikk og statistikk, du har evne til å framstilla data visuelt og gi oss ny innsikt
- Kjennskap til statistikkverktøy, data science, databasar, programmeringsspråk og visualiseringsverktøy (td Python, Pandas, R, Power BI, Grafana, Historian, SQL, Linux)
- Kommersiell interesse og forståing
- Eit ynskje om å opparbeida deg god forretningsforståing rundt SKL sine prosesser

SKL tilbyr

- Spanande og utfordrande arbeidsoppgåver i eit triveleg arbeidsmiljø
- Rom for fagleg utvikling og ansvar
- Ein arbeidsplass i ein framtidretta og berekraftig bransje
- Konkuransedyktige betingelsar med gode pensjons- og forsikringsordningar. Fast stilling. Arbeidsstad er Stord.

Kontakt oss gjerne for ein uforpliktande prat om stillinga, kontaktperson er avdelingsleiar Liv Kjersti Skartland, telefon 97 72 61 38.  
Send CV og søknad til [jobb@skl.as](mailto:jobb@skl.as) innan 06.03.2022